


SØKNAD OM SMIL-MIDLAR

Kart over 185/5 og oppsummering av tiltak

Eg tok i august 2018 over 185/5, og byrja då arbeidet med å planlegge istandsetting og tilbakeføring av lemstova. Tilstanden på denne var då så dårlig at det ikkje lenger var mogleg å bu der. I august 2019 starta arbeidet med istandsetting, og i mars 2020 flytta eg inn. Også i perioden etter dette har mykje tid gått med til arbeidet på våningshuset.

Andre stader på eigedomen har det over tid, truleg dei siste 30 åra vore eit stort forfall. Dette er etterkvart svært synleg på bygg, murar, vassvegar og beite, og det trengs ei rekke tiltak på heile eigedomen for å setja den i stand og ha ei levedyktig drift.



Isdal ligg i omsynssone kulturminne, og for mykje av eigedomen er steinmurane og steinsettinga karakteristisk. Frå den flotte steintrappa på våningshuset, til steinløe, potekjellar, elvar og steinsette vegar, er tørrmurar eit gjennomgåande tema. Haakon Aase Tørrmuring har difor laga ein enkel


rapporet som eg legg ved søknadene. Arild Sætre ved MUHO har tilrådd at eg brukar Haakon Aase og Ove Kyte som fagfolk til tørrmuring. Eg ønskjer å bruka dei til mykje av steinarbeidet og planlegginga av tiltak som skal gjerast. Dei har ein kompetanse som er særskilt viktig for meg og mitt bruk, og gitt den regionale kulturminneverdien av tunet, vil dette vere uvurderleg kompetanse å ha med vidare i framtidig vedlikehald av garden. Slik eg les SMIL-strategiein, vil det tiltaka vere i samsvar med mykje av denne.

Istdal har stor ferdsel av turgårarar, joggarar, syklistar mellom Knarvik og Seim, men også ein god del som kører gjennom tunet for å sjå, og gjerne fotografera, kulturmiljøet. Eva Røyrane og Georg Apneseth har fleire gongar vore på tunet for å fotografera til bøkene sine, seinast i 2020, der mellom anna leinstova mi er fotografert. Mykje av tunet og byggverka her, vil difor bidra positivt til opplevingskvaliteten i området.

Garden har eit stort biologisk mangfald, mellom anna med mange gamle artar av tre og plantar. Det å ta vare på det biologiske mangfaldet vil vere førande for arbeidet eg ønskjer å gjera. Diverre har eg ikkje slåttemark, men det er eit rikt insektsliv og mange pollinatorar, samt gode og proteinrike plantar til dei når dei første dronningane vaknar til liv om våren. Det er i tillegg sårbare artar som frosk og pinnsvin.

Alle innmarksteigar på garden er drifta; anten som beiteområde (Kjersti Istdal) eller det vert slått (Harald Sagstad). I tillegg skal det setjast ut bifolk (Molvik bigard) på innmark aust for våningshus. Eg tenker vern gjennom bruk, og det vil vere eit mål å leggje til rette for at eg i framtida sjølv kan ha til dømes ein marknadshage. I dag brukar eg svært mykje tid på ulike delar av eigarskapen. Det vil difor vere eit økonomisk incentiv å kunne ha ei viss inntening på det arbeidet eg legg ned. Over dei få åra eg har eigm eigedomen, ser eg også at dette er naudsynt for å halda eigedomen og kulturlandskapet i hevd. Her har eg gjort mentale kvantesprang, og det ligg mykje god og spanande lærdom i drifta av garden.

For søkerne til SMIL er det områda nærmest våningshuset og ved innmarksbeite mot aust som treng tiltak. Det er også her den største rikdomen i form av tørrmurar og biologisk mangfald finst. Sjå kartutsnitt.



Tiltak 1: Steinløe

Steinløe ligg rett i grensa mot 185/6, og er bygd inn i muren. Den er godt synleg, frå innmark, Istdalsfjellet, FV57 og postvegen, der den ligg høgt og sentralt. Tursti gjennom innmark går like ved. Steinløe er i grei stand, men kan trenge litt arbeid med å plassere stein tilbake. Eit større og viktigare tiltak er å få på plass tak. Den har stått utan i mange år, og tak vil førebyggje vidare forfall. Dette er eit tiltak som hastar, og bør på plass snarast. Sidan det er eit relativt lite prosjekt, og eg har tilgjengeleg stein, vil det kunne prioriterast høgt frå mi side.



Tiltak 2: Gjerde, port og frukthage




Gjerde og portar langs heile innmarksbeite er i dårlig stand og må skiftast ut. For heile lengda av beitet har 185/7 sendt søknad. Eg har eit lite tillegg til denne. Dagens gjerde langs elva skal flyttast 2-

5 meter mot aust (omtrent langs den svart streken), tilpassa topografien. Dette vil gjere det mogleg å lage ein frukthage for området langs elva. Eg søker difor om midlar til **hjortegjerde og køyregrind** til ca 100 m. Sidan mykje skal ryddast langs elvar og andre stader, vil det vere mykje biologisk avfall på garden. Ein god måte å handtere dette på er å lage kompostbingar, det vil også kunne bidra til framtidig drift i form av jordkvalitet eller sal av kompost til større jordprodusentar, då det også lenger fram i tid må ventast å vere mykje biologisk avfall.

Tiltak 3: Hellegang, nyttehage og lad

Køyringabrua til løa har to støttemurar (lad) som ligg ned mot våningshuset. I tillegg står ein gamal slipestein på det eine ladet, og det er ei vakker detalj i utsikta frå postvegen og inn mot kulturmiljøet på egedomen. Lada er, som mykje anna på egedomen i forfall, og treng setjast i stand. Her har det òg vore ein gammal hellegang, som måtte takast opp ved istandsetting av hus, då den gjorde skade på huset. Denne er ein naturleg del av det gamle kulturmiljøet, og er ønskt



tilbakeført. Området er i tillegg overgrodd, og det å finne fram att naturlege sitjeplassar, vil vere ein viktig del av eigeninnsatsen på denne delen av egedomen. Dette prosjektet har eg søkt om midlar til hjå Alver

commune, der også tilbakeføring av hage er inkludert. Hagen er nok litt meir perifer inn mot SMIL-midlar, men det å tilbakeføre til ein nyttehage, der ein går vekk frå monokulturen plen og lar blomane blomstre av før ein slær, og får inn fleire gamle nytteplantar, vil vere ein viktig del av det biologiske mangfaldet på garden. Hagen er ikkje planert, men har holrom og



gangar, som gir bustad til ulike dyr og insekt. Også sårbare artar som pinnsvin og frosk trivst her. Med plassering rett ved sida av den gamle postvegen, er dette ein del av kulturmiljøet som kjem nær dei som passerer her og som vil styrke opplevingskvaliteten til dei som ferda i tunet. I istandsettinga av lemstova er det lagt stor vekt på fronten mot vest, fordi den representerer ein svært offentleg og synleg del av bruket.


Samanlikna med fleire av dei andre prosjekta er dette relativt lite og enkelt å kome i gang med. Det er også det enkelprosjektet som vil ha størst innverknad på eigen kvar dag og bukvalitet. Det er difor høgt prioritert frå mi side.



Tiltak 4: Planlegge tiltak langs elv – innmarksbeite



Eigedomen har to elveløp i og langs innmark. Med aukande vassmengder og manglende vedlikehald, er desse i ferd med å få store skadar. Begge vil vere store prosjekt, som treng planlegging og høg prioritet. Både tiltak fire og fem handlar difor om vassvegar.



Det er store skadar på elveløpet på innmark. Det er spor etter avbøtande tiltak, truleg gjort dei siste tjue åra, i form av tømmer og anna som er lagt ned rundt elveløpet. Tømmeret er no rotna, og ein 4 m lang metallbjelke som er lagt ned har mykje rust. Beiteområdet er i därleg stand og det er mykje vatn over alt langs elveløpet.



Mot nabo i sør (185/6) går elva over på eigedomen og skadar steinhus nær grensa. Det er akutt behov for avbøtande tiltak før hausten og meir vatn kjem. Det er også behov for å gjøre ein større jobb langs heile elveløpet. Det er tatt ut nokre større tre langs elva til ved, men her er eit stort behov for å rydde langs heile elveløpet for å få fullstendig oversikt over kva tiltak som må gjerast.

Tiltak 5: Planlegge tiltak på elv og potetkjellar

Elveløpet nærmest våningshuset er også steinsett. Aukande vassmengder (delvis grunna meir regn, men mykje grunna røyr frå SVV andre stader, vert ført ned her) og gjer at det vert brå endringar i vassmengdene. Steinane i elva har byrja å dette ut, og det er mykje tre og vekstar langs elva som

øydelegg oppbygginga av elva.



Like ved elva ligg ein potetkjellar. Det er ønskje om å setje den i stand, og bruke den som det den er tiltenkt. Også denne krev planlegging og noko rydding. Potetkjellar og elva kan vere to ulike prosjekt, men sidan dei ligg like ved kvarandre, heng dei naturleg saman i eit planleggings- og ryddeprosjekt.

Eg ønskjer difor å rydde langs elva, rundt 100 m, og rundt potetkjellaren.

Midtvinters er det særskilt eit par periodar med mykje vatn, og elva går då over. Mot nabo i sør 185/6, gjer vatnet skade på våningshus (raud innramming – vatnet går rett framover i svingen og vidare inn på 185/6)). Også langs denne elva er det behov for å fjerne vegetasjon, gjere avbøtande tiltak mot sør, kartlegge status på elveløpet og planlegge tiltak.

På søre halvdel eig eg på begge sider av elva, mot nord eig eg på austsida av elveløpet og nabo

185/2 eig på vestsida. Elva går gjennom heile tunet, og også 185/4, 185/3 og 185/7 har elva gjennom sine eigedomar.

